

Innspel frå opplæringskontora

Fra: Roald Standnes <roald@bok-sfj.no>

Sendt: tysdag 5. mars 2019 14:08

Til: Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>

Emne: Innspeil til sak om justering av utdanningstilbodet for 2019-2020.

Vi meiner at VG1 TIP, VG2 køyretøy og VG2 bilskade, lakk (...) er riktig dimensjonert for skuleåret 2019-2020.

Helsing

Roald Standnes

dagleg leiar

mob: 951 68 513



Fra: Jan Erik Øygard <Jan.Erik.Oygard@mef.no>

Sendt: tysdag 5. mars 2019 14:13

Til: Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>

Kopi: Thomas Østerbø <thomas@enservice.no>; Paul Olaf Baraas <Paul.Olaf.Baraas@mef.no>

Emne: Re: søkeratal yrkesfag- ikkje offentleg

OKAB sine bedrifter tar imot alle kvalifiserte elevar som kjem ut frå Vg2 Anleggsteknikkk. Behovet er større en det fylket klare å levere.

OKAB sine bedrifter skal klare å ta imot ca 50 lærlingar.

MEF og OKAB har meldt inn at det er behov for ei gruppe til i Vg2 Anleggsteknikk.

Med helsing

Jan Erik Øygard

Dagleg leiar

Mobil: 95 46 72 02

Opplæringskontoret for anlegg og bergfaga / OKAB

Maskinentreprenørenes Forbund / MEF

Firdavegen 6, 6800 Førde

Postadresse: Postboks 693, 6804 Førde

www.mef.no / www.okab.no

<http://www.visbrosjyre.no/okab/WebView/>

Fra: Bjarte Heggheim <bjarte.heggheim@nelfo.no>

Sendt: måndag 4. mars 2019 14:01

Til: Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>

Kopi: geir@ulvesund-elekstro.no

Emne: SV: søkeratal yrkesfag- ikkje offentleg

Heil!

Opplæringskontoret for elektrofag har hatt ein gjennomgang på søkeratala og vurderer situasjonen slik:

vg1

Elektrofag

Det er god innsøking på vg1 med 199 søkerarar med ungdomsrett første ønske. Dette er ein auke på 30personar i høve fjaråret og utgjer ca15%.

vg2

Automatisering, Data og elektronikk og Elenergi.

Samla er her ein undersøking, men Automatiseringsfaget skil seg ut med oversøkning på 6 og Data og elektronikk med undersøkning på 14.

For El-energi, er tilbodet om lag i tråd med etterspurnaden, med ein mindre søkerar enn tilbod.

Vg3

Automatisering, Data og elektronikk.

Samla undersøking med fire søkerarar.

Konklusjon:

Vg1 tilbodet har stor interesse og har høg innsøking.

Tilbodet for vg1 totalt er på 128 plassar mens tilbodet for vg2 er på 132 plassar dette var slik også i 2018.

Søkeratalet for vg2 i 2019 er 123 mens det var 126 i 2018. Dette betyr at nokre av vg1 elevane går til andre tilbod og vi får ein underdekning totalt sett på vg2.

Vi set ikkje på informasjon kva val desse elevane tek. Men det er grunn til å tru at nokre tek omval og andre nyttar seg av kryssløp til køyretøy, TIP og maritimt fag. På bakgrunn av denne informasjonen må ein ta høgde for dette i dimensjoneringa av vg1 tilbodet på Elektro.

Når det gjeld skeivfordelinga mellom søkeratalet vg2 data og elektronikk og automasjon i år, må vi ha med oss kva som er andrevelet til desse elevane før ein kan ta stilling til tilbodsjustering.

1

På bakgrunn av dei opplysningane vi har fått no, meiner vi at talet plassar på vg1 elektro bør aukast med ein klasse for å auke grunnlaget for vg2 til neste år.

For vg2 og vg3 bør dette tilbodet vere som i dag.

Med venleg helsing

Bjarte Heggheim – Regionsjef

tlf– 99 71 44 74



OFEL – Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane

Firdavegen 6 | Postboks 781 | 6805 Førde

<http://www.nelfo.no> | <http://www.OKSU.no> |

Lik oss på <https://www.facebook.com/ofelsfj>



Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Skuletilbodet 2019 – 2020

Vi meiner det er viktig at det er samsvar mellom antall vg 1 klasser i Teknikk og industriell produksjon – TIP og det antall vg 2 løp det skal rekrutterast til.

Det vert rekruttert til fleire andre vg 2 løp frå Teknikk og industriell produksjon – TIP , vg 2 industriteknologi, og som td bil, logistikk, anlegg og bergfag m fl. Det er difor viktig at det vert teke omsyn til og at antall vg 1 klassar TIP vert auka.

VG 2 industriteknologi er det vg løpet som rekrutterer til flest yrker, nærmere 60 ulike fagbrev kan ein ta med utgangspunkt i vg 2 industriteknologi.

For å få samsvar mellom industrien sitt behov for rekruttering til kjemi prosess meiner vi det er nødvendig at fylkeskommunen lyttar til næringslivet sitt behov og starter prosessen med å få på plass ein vg 2 klasse årleg i kjemi prosess ved Mo og Jølster eller Flora vgs. i tillegg til klassen ved Årdal vgs. Kvart år rekrutterer vi lærlingar frå Hordaland og Rogaland i kjemi prosessfaget, likevel har vi underdekning.

Tilbod om Vidaregåande utdanning bør samsvaret med behov for fagarbeidrarar i arbeidslivet på kort og lang sikt . Det blir etter vårt syn feil å ta ned antall studie plasser med bakgrunn i at ikkje alle får lærepllass. For å ha rett til lærepllass må ein ha kvalifisert seg på vg 1 og vg 2 - minimum bestått i alle fag.

Det er positivt at det er auke i søker tall til teknikk og industriell produksjon – TIP og ein liten auke i søker tall til vg 2 industriteknologi, frå 38 i fjor til 44 i år, likevel er det mindre enn behovet som næringslivet har, pr dato har vi behov for 57 lærlingar i dei ulike faga som rekrutterer frå vg 2 industriteknologi.

Sjølv om vi ser fylket samla må vi sei at det er krevjande at det ikkje er tilbod om vg 2 industriteknologi ved Sogndal vgs., vi har utfordring med å klare å skaffe lærlingar til industrien i f eks Vik, Luster og Sogndal.

Vårt ønske er at alle plasser på vg 1 TIP og vg 2 industriteknologi vert opprettheldt, og at det vert sett på om ein kan opprette 6-12 plasser vg 2 industriteknologi ved Songdal vgs i tillegg.

Førde 06.03.2019

Med venleg helsing

Jorunn Eide Kirketeig

dagleg leiar





Opplæringskontoret

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Skuletilbodet 2019 til 2020

Lokal Handelsnæringa vert utfordra av netthandel, og kravet til profesjonalisering av sal av alle varer og tenester er aukande.

Statistikk viser at det er eit auka behov for påfyll av fagfolk i kontor og administrasjon

Faga er undervurdert og næringane må ta sin del av skylda for at ein er «bakpå» med rekruttering. Handelfag har låg status og dermed låge søker tall.

Det er viktig at vg 1 sal servise og samferdsle er eit tilbod der handel er ei viktig næring, det same gjeld sjølv sagt vg 2 sal servise og sikkerhet.

Det vert sett inn tiltak for å auke rekruttering til sals fag og kontor administrasjons fag, men vi innser at det krev ein større innsats før fleire ungdommar vel faga, vi ønsker difor å signalisere at vårt mål er å auke rekrutteringa, sånn at der er søkerar til minst ein vg1 servise og samferdsle klasse til frå 2020, og at det vert følt opp med vg tilbod frå 2021.

Førde 06.03.2019

Med venleg helsing


Jorunn Eide Kirketeig

dagleg leiar



Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/opplæringsavdelinga

6. mars 2019

Opplæringstilbodet for skuleåret 2019 - 2020

Under følgjer våre innspel til opplæringstilbodet for skuleåret 2019 – 2020.

1. Vg1 Teknikk og industriellproduksjon

Det er kjekt å sjå innsøkinga på Vg1 Tip, og vi meiner dette bør føre til at det blir oppretta ei ekstra klasse i Nordfjord. Dette fordi: Tilgongen på læreplassar er god innan dei ulike løpa dei kan gå på Vg2 og Vg1 TIP rekrutterar til mange Vg2 løp. Våre medlemsbedrifter vil ha behov for omlag 20 – 25 lærlingar årleg i faga som fører ut av Vg2 Industriteknologi.

2. Vg2 Industriteknologi

Søkjertala på industriteknologi i fylket er katastrofale for industrien vår. Nordfjord opplæringskontor sine medlemsbedrifter kan åleine tilby læreplassar til 2 grupper, og det er ikkje mogeleg å rekruttere elevar til alle læreplassane. Dette byggjer under vår argumentasjon i punkt 1.

3. Vg1 Helse og Oppvekst

Det er særskilt gledeleg å sjå den store søkeranta til Helse og oppvekstfaget. Det har blitt jobba målretta for å auke rekrutteringa til dette fagområdet på bakgrunn av det skrikande behovet kommunane har for rekruttering i åra framover, og tal læreplassar innan både Helsearbeidarfaget og Barne&Ungdomsarbeidarfaget har ei markant auke. Kommunane i Nordfjord vil ha over 100 personar som går av med pensjon dei neste 4 åra, dette viser det enorme behovet ein har innan denne sektoren.

Vi rår til at det blir oppretta ei ekstra klasse på Vg1 i Nordfjord, og garanterer at vi skal ha læreplassar klare til desse ekstra i 2021.

4. Vg1 Elektrofag

Vi meiner det bør vere grunnlag for å opprette ei ekstra klasse Vg1 elektro i Nordfjord. Dette vil gje betre samsvar i høve tilboda på Vg2 (Elenergi, Data og elektronikk og Automasjon), og sikre rekruttering til desse Vg2 løpa. Dette er fag som er etterspurte, og som vil bli endå meir etterspurte i framtida.



5. Vg2 Data og elektronikk og Vg3 Dataelektronikerfaget

Vi rår til at ein opprettheld tilbodet ein har på dette i Nordfjord. Våre medlemsbedrifter har behov for kring 10 lærlingar årleg som kjem frå dette faget.

Beste helsing
for Nordfjord opplæringskontor

Tom-Øyvind Solheim



Vår sakshandsamar/telefon
Anne Kauppi 911 20 643

Internt notat

Vår dato
06.03.2018

Side 1 av 3

Vår referanse

Dykkar dato

Dykkar referanse

Til
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Opplæringsavdelinga

Kopi

Justerering av opplæringstilboden 2019/2020

Elektro

VG1 Elektro

Med 199 søkerar som ynskjer elektrofag som første ynskje, så er det ei oversøking med 71 og ei auke på 30 frå 2018. Ser me litt inn i glaskula, så er elektrofag eit utdanningsprogram som kjem til å verte etterspurd framover. Digitalisering, automatisering og robotisering (industri 4.0) i industrien, kjem til å bidra til denne auken i etterspurnaden.

Rådar til at det vert oppretta ei ekstra gruppe innan VG1 elektro i Sogn, da vil det bli samsvar mellom tal grupper på VG1 (11 i fylket) og tal grupper på VG2 (elenergi 5, data og elektronikk 3 og automatisering 2). I dag er det 10 VG1 grupper som skal rekruttere til 11 grupper på VG2 innan elektro.

VG2 Elenergi

Med ei undersøking på 1, og med læreplassane som har vore tilgjengeleg siste åra, vil eg rå til å oppretthalde tilboden med 6 grupper.

VG2 Data og elektronikk og VG3 Dataelektronikerfaget

Her rår eg til å oppretthalde tilboden med 3 + 2 grupper, da det er oversøking til VG2 automatisering. Fleire av søkerane til automatisering har kanskje data og elektronikk som 2. ynskje

VG2 automatisering og VG3 automatiseringsfaget

Her rår eg til å oppretthalde tilboden med 2 + 2 grupper

Helse og Oppvekst

VG1 Helse og oppvekstfag

Med ei oversøking på 40 som har dette som første ynskje, er det svært gledeleg. I framtida vert det eit stort behov for helsefagarbeidrarar, og da er det viktig å ta vare på denne sjansen for rekruttering.
Rådar difor til at det vert oppretta ekstra grupper, og at minimum ei av desse vert i Sogn. Sogn Opplæringskontor garanterer for å ha klare 12 nye læreplassar innan faga i 2021.
Me har intensjonsavtalar på 12 læreplassar innan helsearbeiderfaget og 9 læreplassar innan barne- og ungdomsarbeiderfaget hausten 2019.

VG2 tilboden

Ynskjer ikkje å gjøre nokon endringar innan på tilboden her. Viss læreplassane er tilstades, bør ein vurdere å auke tal plassar frå 6 til 12 i ambulansefaget. Her er det ei stor oversøking, og serien 113 som har gått på NRK 1 i vinter har marknadsført denne utdanningsretninga på ein framifrå måte.

Service og samferdsel

VG1 Service og samferdsel

Sjølv om det er undersøking med 8 som har dette som første ynskje, rår eg til å oppretthalde tilboden slik det er.

VG2 Sal, service og tryggleik

Sogn Opplæringskontor har arbeidd hardt dei siste åra for å auke tal læreplassar innan salsfaget og kontor- og administrasjonsfaget. Me treng 12 lærlingar til lærlinginntaket 2019. Sjå diagram intensjonsavtale sist i dokumentet.
Ynskjer ingen endringar i det utlyste tilboden. Fylkeskommunen må oppretthalda 4 grupper



Vår sakshandsamar/telefon
Anne Kauppi 911 20 643

Internt notat

Side 2 av 3

Vår dato
06.03.2018

Vår referanse

Dykkar dato

Dykkar referanse

Teknikk og industriell produksjon

VG1 Teknikk og industriell produksjon

Det er gledeleg å sjå at det er ein liten oversøking på 2 til dette programområdet.



Det er i tillegg viktig at det er samsvar mellom VG1 tilbodet og VG2 tilbodet på dei ulike skulane. Her skulle/burde det ha vore to grupper på Årdal vgs, da det er rekruttering til 2 VG2-løp. I tillegg ser me over tid at det er mange elevar om nyttar seg av kryssløp til andre programfag som td. VG2 transport og logistikk og VG2 anleggsteknikk frå VG1 TIP.

Foreslår ingen endring i tal klassar som vert oppretta til hausten, men at ein bør sjå på kor ein opprettar klassane.

VG2 Industriteknologi

44 søker til 72 plassar er katastrofe. Det er katastrofe for industrien i fylket, og her klarar me rett og slett ikkje å rekruttere nok kandidatar til læreplassane våre.

VG2 industriteknologi rekrutterer til 24 lærefag! Statistikk dei siste 5 åra på løpende lærekontraktar i Sogn per januar, syner at me har læreplassane! Sogn aleine kan garantere for at 2,5 gruppe får læreplass kvart år.




VG2 kjemiprosess

Her ser me at det nytta med aktiv marknadsføring og litt hjelp frå media om at trenden snur i oljeindustrien. Med 18 søkerar til 12 plassar, så er det berre å håpa at dei som ikkje kjem inn har VG2 industriteknologi som 2. ynskje.


Tal lopande lærekontraktar i Sogn per januar

Kjemiprosessfaget



Syner og intensjonsavtalane me har for lærlinginntaket 2019. Her ser de at SOK aleine treng 26 lærlingar frå VG2 industriteknologi og 12 frå VG2 kjemiprosess.

Intensjonsavtale læreplassar 2019



Vår saksbehandler
Bjørn Kvalheim; Tlf. 95986700

Til
Sogn og Fj. fylkeskommune
v/ Opplæringsavdelinga

Vedr. Innspill til opplæringstilbudet 2019-20

Viser til møte på Leikanger 05.03.

OKFH har følgende innspill til opplæringstilbudet 2019-20.

Vg 1 NATURBRUK Blå - Måløy vidaregåande skule.

Gode søker tall med 29 søker til 22 plasser som inkluderer 5 YSK søker. (opp 32%)

Gledelige økning som vi også ser ellers i landet. Siden det er nok søker til 2 grupper Naturbruk blå og godt med læreplasser, mener vi at det er forsvarlig å øke opp dette tilbuddet til to grupper fra høsten 2019. Vi har læreplasser til alle slik situasjonen er i dag. I 2018 skrev vi 11 lærekontrakter i fiske og fangst- og akvakulturfaget samt 5 YSK lærekontrakter (inkl. basis II)

For å dekke behovet fra lærebedriftene starter vi også i år med forberedende teorikurs til tverrfaglig eksamen i akvakulturfaget for praksiskandidater med over 20 deltagere fra kommende høst. 34 fullførte dette kurset våren 2018, og mange har avgjort fagprøven allerede.

Vg. 2 Fiske og fangst 10 søker til 6 plasser. Vi håper en her finner plass til så mange som mulig.

Vg. 2 Akvakultur 13 søker til 12 plasser. (inkl. YSK) Vi håper at en også her finner plass til så mange som mulig for skoleåret 2019/20.

Vg. 2 MARITIME FAG Måløy vidaregåande skule.

Nedgang i søker tallene til maritime fag (matros og motormann) men nok primærsøkere til 2 grupper med 26 søker til 24 plasser. Så vi mener at det er rett dimensjonering her.

Med hilsen

Bjørn Kvalheim
Daglig leder
OKFH/SA

Postadresse	Telefon	Mobiltelefon:	Dokument fil: den 06.03.2019	Antall vedlegg
OKFH i Sogn & Fj. Postboks 89 6707 Raudeberg	57852232 Telefaks 57852233	95986700 e-mail: post@okfh.no Heimeside: www.okfh.no		0



Hovudutvalet for opplæring/fagopplæringsnemnda
Fylkeskommune Sogn og Fjordane
Att: Sissel Brusegård

Førde, 06.03.2019

Dimensjonering av klassar for Bygg-og anleggsteknikk, skuleåret 2019/20

I Bygg-og anleggsfaga er det stor mangel på arbeidskraft og lærlingar.
Dette gjelder i alle våre fag, men spesielt stort innan Betong, tømrar og røyr, men også innan mindre fag som malerfag og vent og blikk er det mangel på fagarbeidaran.

Vi har også fått eit nyare fag innan denne retninga som heiter Byggdriftarfaget og er eit 1+3 læreløp.

Strukturen på Vg1 bygg-og anleggsteknikk bør oppretthaldast som i dag.
Kan vurdere å auke med ein klasse Vg2 Byggteknikk i år pga oversøking da læreplass-behovet er på plass.
Der er i utgangspunktet for få primær søkjavar til å oppretthalde dagens klassar på Vg1 Bygg-og anleggsteknikk, men det viser seg at mange frå elektro og delvis Tip har ofte 2 valget sitt på Vg1 bygg og anleggsteknikk.
Det var samme utgangspunktet i fjar og vi starta fleire klassar pga 2 valgs elevar.
Då ein ser på søknadstalla på Vg2 faga i år, viser det også at elevane går vidare på Vg2 løpa sjølv om dei hadde Vg1 Bygg- og anleggsteknikk på sitt 2 valg.

Sogndal Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	4 klassar
VG2 Byggteknikk	2 klassar
VG2 KEM	1 klasse
VG2 Anleggsteknikk	1 klasse

Florø Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	2 klassar
VG2 Byggteknikk	1 klasse
VG2 KEM	1 klasse

Stryn Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	1,5 klasse
VG2 Byggteknikk	1 klasse

Måløy Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	1 klasse
VG2 Byggteknikk	1 klasse


Mo og Øyrane Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	5 klassar
VG2 Byggteknikk	2 klassar
VG2 Anleggsteknikk	2 klassar

Her er det viktig å ta vare på den store søkeringa på Vg1 Bygg-og anleggsteknikk slik at vi dannar eit godt grunnlag for Vg2 til neste år.

Med helsing


Nils Arne Ødegård
Dagleg leiar
Byggopp Sogn & Fjordane

BYGGOPP
Sogn og Fjordane
Postboks 572, 6803 Førde
Tlf. 57 82 92 50 / hilsatne@byggopp.no

Linda D. Hauge
Adm. sekretær
www.sfi/byggopp.no

Fra: John Ove Grov <john.grov@enivest.net>
Sendt: onsdag 6. mars 2019 17:51
Til: Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>
Emne: Justering av opplæringstilbodet 2019/20

Hei Sissel/ fagopplæringsnemnda.

OKHM er av den meining at det er veldig viktig for Sogne regionen at RM i Sogndal held fram. Håper her på at denne linja kan reddast av søkerar som har RM på 2. plass.

Sidan at det er 23 primærskolarar i Førde bør der oppretta ein ekstra kasse på vg 1.
Måløy er jo ok med ein klasse på kvart trinn.

Vi håper på det beste for faga.

John Ove Grov

Dagleg leiar



Sogn og Fjordane

Concordbygget

Postboks 719 - 6800 Førde

Mobil +47 90056438

john.grov@enivest.net

www.okhm-sfj.no



Virusfri. www.avast.com

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 Leikanger

Dimensjonering av skuletilbodet for skuleåret 2019 - 2020

For å kunne utføre det persontransporttilbodet, som det er behov for i Sogn og Fjordane dei neste fem åra, vil det vere behov for 30 – 40 nye sjåførar/lærlingar Pr år.

På lengre sikt vil dette behovet vere betydeleg større. I same periode vil lastebilnæringa likeeins ha behov for omlag det same tal nye sjåførar/lærlingar.

Skal ein ha eit opplæringsstilbod for dette faget så er ein nøydd til å vidareføre med minst tre VG2 klassar innan Transport og Logistikk i Sogn og Fjordane. Tilboda bør leggast til Førde, Sogndal og Stryn. Næringa har eit stort behov for lærlingar og tek i mot alle som kvalifiserer seg.

Transportutdanninga sin vidare eksistens vil såleis ha stor betydning. Dette gjeld ikkje berre for transportnæringa, men også for heile fylket.

Det er samstundes og viktig at det er nok dimensjonering av VG1 klassar, derfor er det viktig riktig dimensjonering av VG1 TIP

Transportnæringa er viktig for fylket, som næring og arbeidsplass. Vi har mange store aktørar både innan persontransport og godstransport i Sogn og Fjordane. I tillegg er det også slik at dersom vi ikkje har ei godt utdanningstilbod innan transportfag i fylket, vil ikkje anna næring eller busetnad få dekka sine nødvendige behov.

På sikt vil det vere med og gjere fylket mindre konkurransedyktig som bu og arbeidsområde. I tillegg vil ei viktig næring kunne få store driftsvanskar då tilgang til sjåførar er avgjerande for drifta.

Det er svært viktig for næringa at det vert ro kring kva tilbod som vert lyst ut.

Skal ein i Sogn og Fjordane satse på ei levedyktig transportnæring også i framtida, så må ein behalde dagens utdanningstilbod med minst tre VG2 klassar. ***Det er og viktig å få fram at alle som kvalifiserar er garantert lærepllass innan Transport og Logistikk***

Førde, 04.03.2019

Med helsing

Rune Abneseth

-dagleg leiari-

Anita Hop

Fra: Sissel Brusegård
Sendt: onsdag 6. mars 2019 19:20
Til: Anita Hop
Emne: VS: Tilbakemelding OKOS

Med helsing
Sissel Brusegård
teamleiar, opplæringsavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sj.no | Sissel.Brusegard@sj.no
tlf: +47 57638145 | mob: +47 40524464

Fra: Hans Børge Lillehaug <Hans.Borge.Lillehaug@sj.no>
Sendt: onsdag 6. mars 2019 17:41
Til: Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sj.no>
Emne: Tilbakemelding OKOS

OKOS er godt kjent med at behovet for fleire fagarbeidrarar i helsearbeidarlaget vil auke dei kommande åra. God søking til grunnutdanninga er derfor positivt, men den viktigaste jobben for skuleåret 2019/20 er fortsatt å få etablert fleire læreplassar for motivert ungdom i Ytre Sogn og Sunnfjord. Ei kapasitetsauke på grunnutdanninga i denne omgang blir derfor ei politisk vurdering.

Mvh,

Hans-Børge Lillehaug

Opplæringskontoret for offentleg sektor i Sogn og Fjordane
daglig leder
90 61 79 79
Firdavegen 6 (Concord), Pb.57, 6801 Førde
www.okosweb.no